



Judith Eknes  
Landsvik 55  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/65 - 19/11181

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
21.05.2019

## Krav om innsyn i oversikt over kva bustadar som er tilkopla det kommunale avlaupsanlegget på Landsvik

### Administrativt vedtak. Saknr:

Det vert vist til e-post den 10.5.2019 med krav om innsyn i ei oversikt over kva for bustadar/antal bustadar som er tilkopla det kommunale avlaupsanlegget på Landsvik.

Offentleglova § 3 legg til grunn at «[s]aksdokument, journalar eller liknande register for organet er opne for innsyn dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov.» Og «alle» kan krevje innsyn.

Meland kommune har ikkje eit dokument, journal eller eit register med opplysningar om kven som er tilkopla det kommunale anlegget på Landsvik. På bakgrunn av dette avslår vi krav om innsyn i kva for bustadar som er tilkopla det kommunale avlaupsanlegget, jf. offentleglova § 3.

Basert på betaling av kommunale avgifter veit vi at 11 bustadar er tilkopla anlegget og at 8 bustadar har fått pålegg om tilkopling. Fritidsbustadane i området har ikkje fått pålegg om tilkopling.

### Vedtak:

«Meland kommune avslår krav om innsyn i oversikt over kva bustadar som er tilkopla det kommunale avlaupsanlegget på Landsvik, jf. offentleglova § 3.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er

nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Judith Eknes

Landsvik 55

5917

ROSSLAND